

* Marknadsregulering



Kritisk: Eggbonde Marianne Storhaug Strøm kaller overproduksjonen av egg og førtidsslaktinga av høner for ei meiningslaus sløsing av ressursar. Ho og Fjørfelaget ber styremaktene om å opne fo

Krev tiltak mot eggvekst f

Uro for at mottaksplikta forsvinn fører til nyetableringar på egg i ein alt overfylt marknad, fryktar Fjørfelaget, som krev nye tiltak for å unngå konkursar på egg.

Trass sterke tiltak for å regulere ned produksjon av egg, viser nye prognosar at det er 600 tonn egg for mykje i den norske marknaden. Overskota av egg har ført til kraftig svekking av økonomien til eggbondeane.

Fjørfelaget fryktar den usikre framtidat marknadsreguleringa vil gjøre vondt verre. Det regieringsoppnemnde marknadsba-

lanseringsutvalet har fleire forslag som inneber at mottaksplikta kan bli avgrensa eller set ut på anbod. Det kan trigge nyetableringar, ifølgje Fjørfelaget.

– Uro rundt mottaksplikta kan føre til at dei som vurderer å starte med egg meiner det er nå eller aldri. Forsvinn mottaksplikta, så må nok bønder i distrikta sjå langt etter leveringskontraktar.

Diskusjonen om marknadsreguleringa har skapt eit vakuum. For å unngå nyetableringar som kan presse fram konkursar i næringa, så må det opnast for eit mellombels fritak frå mottaksplikta for nye produsentar, seier leiar i Norsk Fjørfelag, Bernt Mikalsen, som sjølv var eggbonde i Kvæfjord i Troms.

– Styrer mot konkursras

Overskotet av egg har ført til redusert pris og auka omsetningsavgift. Samla har det svekka økonomien til kvar eggbonde med nær 150.000 kroner i året. Frå 1. juli auka omsetningsavgifta, som går til å dempe produksjonen og

handtere overskotet av egg, med nye 20 øre per kilo.

– Før den siste auken i omsetningsavgifta viste ute rekninjar at bøndene har under 50 kroner timeni i vederlag. I den siste prognosen har tilferslane auka med nye 200 tonn og det er antyda at 10 nye hønehus med kapasitet på 1300 tonn er på veg inn. Klarer vi ikkje hindre vidare overetablering er eg redd for at det ender med eit ras av konkursar, seier Mikalsen.

Han viser til at marknadsregulator i dag knapt har nye tiltak å setje inn utover å kutte endå meir i eggprisen. Sidan alle dagens eggprodusentar har investert

millionbeløp for å oppfylle nye dyrevelferdskrav frå 2012, fører ikkje prisreduksjon til naturleg avgang frå næringa.

– Sjølv om økonomien er dårlig, fører låna til at ingen gir seg. Vi meiner det er langt bætre å opne for mellombels fritak frå mottaksplikta, enn å tvinge fram konkursar, seier Fjørfelagslearen, som derimot ikkje ønsker at mottaksplikta skal fjernast permanent.

– Det vil raskt kunne føre til sentralisering av produksjonen, seier han.

– **Sløsing med ressursar**
Eggbonde og styremedlem i

Stoppar ikkje nyetablering

Landbruksdepartementet vil ikkje opne for stopp i nyetableringar på egg trass i stort eggoverskot. Nortura varslar nye priskutt og ute-lukkar ikkje konkursar.

Statssekretær Hanne Maren Blåfjeldal (FrP) i Landbruks- og matdepartementet seier det er uaktuelt å opne for eit mellombels fritak frå mottaksplikta for nye produsentar.

Ikkje aktuelt
– Vi har eit system som skal handtere overskotssituasjonar. Omsetningsrådet har ansvar for å gjennomføre tiltak. Det er ikkje aktuelt for oss å endre mottaksplikta nå, seier Blåfjeldal og viser til at forslaga til balanseringsutvalet er på høyring fram til 16. oktober.

Uro rundt mottaksplikta gjer vondt verre, ifølgje Fjør felaget?

– Eg meiner situasjonen ville blitt endå meir uforutsigbar om vi skulle gjøre endringar nå. Det er viktig å respektere høyringa, seier ho.

Konkursar hjelper ikkje
Styrelse Sveinung Svebestad i Nortura, som er marknadsregulator for kjøtt og egg, er bekymra for situasjonen.

– Vi er òg veldig bekymra, men vi må halde oss til dei klare signalene frå departementet sjølv om vi og har tatt til orde for ei meir pragmatisk løsing, seier han.

Kan det bli konkursar?

– Ja, det er ein risiko for det. Prisen kan komme til å gå ytterlegare ned, men sjølv konkursar vil ikkje føre til at marknaden kjem i balanse. Viss det blir konkursar, så blir gjelda sansert, men sjansen er stor for at det blir ny eggproduksjon i husa, seier Svebestad.

Han seier marknadsbalanseringsutvalet har trekt fram produksjonsregulering som det fremste verke middelet. Ifølgje Svebestad vil Nortura gå vidare med ytterlegare tiltak for å regulere ned produksjonen etter sommaren.

Meir førtidsslakting?

– Ja, men vi må også sjå etter andre alternativ, seier han.

Fakta

Marknaden for egg

* Eggproduksjonen er i år rekna til 60.750 tonn i år etter at 1940 tonn egg er tatt ut gjennom førtidsslakting. Korrigert for førtidsslaktinga, går tilførselen opp 2% frå 2014.

* Engrossalet av egg er uendra frå i fjor på 60.300 tonn. I tillegg er det importert 121 tonn egg t.o.m. mai i år og ved nyttår var det 450 tonn egg på reguleringsslagene.

* Trass omfattande reguleringstiltak er det venta nye 600 tonn for mykle egg i marknaden.

* Omsetningsrådet har opna for at overskotsegg kan brukast til dyrefôr.

FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE



Aviser: Statssekretær Hanne M. Blåfjeldal opnar ikkje for fritak frå mottaksplikta.



etableringsstopp på egg, men regjeringa seier nei.

FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

or å unngå konkursar

Fjør felaget, Marianne Storhaug Strøm, støttar kravet om å opne for stopp for nyetableringar.

– Det som skjer er òg ei meininglaus sløsing av ressursar når

EGG-TRØBBEL

«Klarer vi ikkje hindre vidare overetablering, er eg redd for at det ender med eit ras av konkursar.»

BERNT MIKALSEN
LEIAR I FJØRFELAGET

ein brukar dyrebart kraftfôr til å produsere meir av noko det ikkje er behov for. Auka bruk av førtidsslakting av høner, for å regulere ned produksjonen, har òg ei etisk side. Eg håper innstendig at det skal vere politisk forståing for at det er betre å la marknadsregulator kunne seie nei til nyetableringar fram til situasjonen er under kontroll, seier ho.

2500 tonn for mykle egg

Sjølv om prognosene frå marknadsregulator Nortura viser 600 tonn for mykle egg, er det reelle eggoverskotet på over 2500 tonn. For å dempe produksjonen er det innført førtidsslakting av

verpehøner, noko som reduserer produksjonen med 1940 tonn egg.

Med 10 nye eggprodusentar på veg inn i marknaden kan nær 200 av dagens vel 570 eggprodusentar måtte slakte verpehønene seks veker for tida, ifølgje Fjør felaget.

I tillegg til produksjonsdempande tiltak har Omsetningsrådet også opna for å bruke eggoverskotet til sikkala miljøsfôr til dyr. Overskotsegg blir dermed i dag blant anna brukt til fôr for grisar. Den kostnaden blir delt på alle eggbønder gjennom auke i omsetningsavgifta.

BJARNE BEKKEHEIEN AASE
bjarne.aase@nationen.no